



# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2280  
Klubbnr. 12713



Månedsbrev for juni 2010.

Årgang 45

---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Oddvar Haugen  
Visepres: Vigdis Riise  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Johan Ole Brandal  
Styremedlem: Magnar Hatløy  
Styremedlem: Anders Riise  
Ansv.red.: Håvard Myrene  
Referent: Hallkjell Dahle

## Fødselsdagar i juni.

Hallgeir Kvammen 8. juni  
Sverre Bjåstad 17. juni

Frammøteprosent i juni: 66,0 %

---

---

## En sommersang.

Fagre Dal, lyse Sommer!  
Her er Marken fuld af Blommer,  
Fjorden bringer Kjølning her;  
Duft og Løv til Lunden vinke,  
I hvis grønne Hvælving blinke  
Straaleglimt som Stjerners Hær.

Fandt jeg Dig skjult herinde,  
Du mit Hjertes Tryllerinde,  
Da blev Dagen dobbelt smuk;  
Og da vilde Birkens Grene  
Ei som nu, mens jeg er ene,  
Hviske i mit Ly et Suk.

Blomsterduft, liflig Sommer,  
Vift, som mildt fra Bølgen kommer,  
Gyder Vemod i min Hu.  
Ak, thi af et dunkelt Fjerne  
Er Du skjult, min Sol og Stjerne;  
I min Drøm kun skinner Du.

*Johan Sebastian Wellhaven*

---

## **Rotarymøte 7. juni.**

Besøk på golfbana i Hovdemyrane

Dagleg leiar, Tore Skodjevåg ønskte rotaryanarane velkomne til det nye og flotte klubbhuset til Sunnmøre golfklubb. Mens vi gjestar drakk kaffi og åt kaker ga han ei interessant orientering om historikk og utvikling av klubben fram til det vi ser i dag. Sidan var det høve til å sjå seg rundt på anlegget

Her fylgjer eit kort samandrag av orienteringa,- pluss litt til som er henta frå nettsida til klubben.

Sunnmøre Golfklubb.

Golfanlegget som stod ferdig i 2008, består av treningsfasiliteter, eit flott og spennende klubbhus og ikkje minst ei 9 hols open parkbane som ligg i naturskjønt område på Hovden i Hareid kommune, ca 4,5 km fra sentrum mot Ulsteinvik.

Sunnmøre Golf AS er eigar av golfbana og har vore ansvarlig for bygginga.

Hovden Klubbhus AS er utbygger av klubbhuset.

Sunnmøre Golfklubb er ansvarleg for drift av golfanlegget og den sportslege aktivitet. Klubben er medlem av Norsk Golf forbund.

Historia om Sunnmøre Golfklubb

Prosjektet starta for snart 10 år sidan med eldsjelene Gunnar Aursnes og Gunnar Riise i spissen. Dei kom fram med ein spenstig idè om at dåverande Ulstein Pitch & Put Club (UPPC) skulle få eit område som var egna til 18 hol. Området dei foreslo var Hovdemyrene i Hareid Kommune d.v.s. eit område som i hovudtrekk besto av udyrka mark og store myrreal. Dåverande styre i UPPC stilte seg difor i utgangspunktet skeptisk til prosjektet. Ettersom tida gjekk og andre alternativ ikkje vart sett på som realistiske, blei 'Gunnar & Gunnar'-forslaget på Hovdemyrane meir og meir aktuelt.

Prosjektet vart difor oppstarta i 1999 og etter mykje jobbing med forprosjektet, så hadde Sunnmøre Golfklubb det første møtet mellom arkitekt Tor Eia og Entreprenør Per Ottar Skaaret. Møtet vart halde på gamle Ulstein Hotell den 9. September 2001.

Etter lange forhandlingar og fleire utfordringar på finansieringssida blei det langt om lenge inngått kontrakt med ISS Skaret som hovudentreprenør. Byggestarten blei oktober 2005 med planlagt ferdigstilling to år etterpå.

"Ting tok tid" og den offisielle opninga vart den 18. mai 2008.

## **Rotarymøte 14. juni.**

Kåseri om tur til Vancouver OL ved Einar Måseide

Først eit lite tilbakeblikk på Rotary 1969-70 då eg var medlem i klubben.

Det var triveleg å verte invitert på nytt etter 40 år. Då hadde eg m.a. innlegg saman med Ingolv Håkon Teigene om studentopprøret i Europa. Vi køyrde ei tøff line og avslutta med kamprop og parolar om siger for FNL og Noreg ut av Nato. KL-Kjell hissa seg kraftig opp medan Johan E Hareide gjekk inn i sakleg dialog. Peder Måseide heldt ein heller låg profil på dette møtet.

### **OL 2010 i Vancouver:**

Reisa var bestemt lang tid i førevegen. Eg reknar meg for å vere 'litt' oppteken av skeiser og måtte berre få med meg eit OL. Å få tak i billetter var vanskeleg då det berre var ei lita kvote for nordmenn. Eg satsa difor på å bli akkreditert som journalist for Polar Media. Freelance for Sunnmørsposten vart resultatet etter at det hadde vorte handsama i Journalistlaget for Norge og signa av Olympiatoppen.

Akkrediteringa ga meg fritt tilgjenge på alle arrangement, fri transport i Vancouver og ubegrensa nærkontakt med leiarane og deltakarane.

Sjølve reisa frå Vigra til Vancouver tok om lag 20 timar kvar veg. Når det i tillegg er 9 timar tidsskilnad vart det ei lang reise. På vegen til Vancouver måtte eg mellomande i Chicago. Der fekk eg sanne at USA ikkje er glad i meg. Eg vart plukka ut, grundig undersøkt og ransaka pluss utsett for ubehageleg intervju om dei mest private spørsmål. Eg var glad for at returreisa ikkje gjekk om USA. Og det er ikkje USA som i framtida ligg på ønskelista mi for reisemål.

Vancouver er ein flott by med om lag 2,2 mill innbyggjarar. Frå grunnlegginga i 1792 av Georg Vancouver til dei fekk bystatus i 1886 var det ein liten, men viktig hamneby som vaks fram. Den største veksten har skjedd etter 1945. Det bur cirka 800 000 med asiatiske bakgrunn og svært mange av desse kom etter at Hong Kong i 1997 vart kinesisk.

Integreringa av alle nasjonalitetar i byen har vore svært vellykka. Folk er opne og gjestfrie. Verdsutstillinga EXPO i 1986 og OL i 2010 er med på å styrke identiteten og sjølkjensla for alle innbyggjarane. Vancouver var ein by der det under heile OL krydde av folk i gatene til ei kvar tid på døgnet.

Frå gammalt av har det vore god kontakt mellom Norge og Canada. I Vancouver er det ein fleire med lokal bakgrunn frå Sunnmøre som har slått seg ned. Eg hadde ein triveleg kveld heime hos Magnus og Sølvi Fjørtoft og Otto Per og Liv Grete Standal. ( sjå Vikebladet 04.03.2010).

Å få med seg OL frå første til siste dag var ei stor oppleving. Eg budde nærmast i Richmond Olympic Oval og fekk med meg alt som gjekk føre seg på skeisebana. Super-plass på første rad 6-7 meter frå målpassering er ikkje dårleg. Eg fekk og høve til å prate med deltakarar og leiarar når eg vll. I tillegg var eg den einaste frå pressa som vart invitert til seiers-seremonien på 1500 m som gjest saman med Peter Mueller

Eg var også 3 dagar i Whistler og fekk med meg skiskyting og langrenn. Det var likevel så tungvint å reise til å frå dei 13 mila mellom Vancouver og Whistler at eg slo meg til ro med 3 turar. Det tok meg 7 - 8 timar å reise til og frå.

Eg har hatt ein så gjev tur til Canada at eg også vil vurdere seriøst å få med meg neste OL i 2014 i Russland, men då må eg i tilfelle igjen bli akkreditert på ny som journalist.

### **Rotarymøte 21. juni.**

Programfritt . Presidenten ynskte vel møtt, og det var kaffi, kaker og prat som sto på programmet denne kvelden.

### **Rotarymøte 28. juni.**

Møtet starta som vanleg med velkomen frå presidenten og ein velvalgt song frå songleiaren, før seremonimester Elias Sellevoll tok over leiinga av møtet.

Denne kvelden skulle det takast opp eit nytt medlem, og etter dette var det skifte av president.

Nytt medlem i Hareid Rk er Eileen Hareide Brandal, og fadder Vigdis Riise ga ein kort presentasjon av henne før presidenten festa sybolet for medlemskapet, nåla, på Eileen.

President Oddvar Haugen takka så for seg, før Elias Sellevoll igjen tok over og løfta kjedet over til ny President, Vigdis Riise.

Lykke til Vigdis med ditt presidentår 2010 – 2011.